

.....og så datt dei i elva.

14.04.2014



9 hjulkapslar ligg no i skråningen innanfor Skulebruo.

**Mange har nok lagt merke til at det ligg 8-10 hjulkapslar i skråningen innanfor Skulebruo ved oppkøyrsla til Kjærland. Bakgrunnen for at dei no ligg der, er at dei er funne fram ved renoveringsarbeidet under brua. Dei har nok blitt slått av når bilane har køyrt over det ujamne dekket på brua i seinare tid.**



Slik har dekket vore, no vert det jamnare

Det er nok grunn til å tru at langt fleire hjulkapslar har hamna i elva. Mange er nok ført med straumen lengre ned i elva.

Det er heilt nødvendig at dekket på brua no vert ordna. I seinare tid har det vore vanskeleg å finne den rette løypa for å unngå slag når ein har passert brua.

Nytt og solid rekkverk er alt på plass.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland og Ola Matti Mathisen